



UTVIKLINGSSTRATEGI

2026
2030

KO- 57/26
vedtak
22.juni 2026



Vanylven kommune

OVERSIKT

Innleiing	4
Utviklingsstrategi 2026-2030	4
1. Mål, suksessfaktorar og strategi	5
2. Status kommunekompasset	6
3. Delstrategiar	9
3.1 Samfunnsutvikling	9
3.2 Kvalitetsutvikling	9
3.3 Tiltak på andre områder	10
3.4 Øvrige prosessar	11

INNLEIING

UTVIKLINGSSTRATEGI 2026-2030

Vanylven kommune gjennomførte Kommunekompassevaluering første gang i 2014, som då gav eit viktig statusbilete av korleis organisasjonen arbeida. Resultatet var under middels og det var mange område kommunen kunne bli mykje betre på. Kommunen har deretter gjennomført evalueringa i 2016, 2018, 2023 og no sist i januar 2026.

Den enklaste måte å forklare korleis Kommune-kompasset verkar på, er om vi trekk parallellar til skulen. I skuleverket finst det ein læreplan som seier noko om kva elevane må kunne på dei ulike trinna. Det finst altså ein "idé" om kva som er det optimale kunnskapsnivået. Elevane får karakterar som skildrar kor nær dette idealet dei er. På same måte finst det ein "idé" om kva som er den "optimale kommune", og Kommunekompasset vurderer kor langt vekke eller kor nær kommunen er dette idealet.

Idealkommunen, som vert skildra av Kommune-kompasset, er ein kommune som jobbar systematisk og planmessig; som vektlegg resultat og effektivitet; som er open og brukarorientert; som kontinuerleg evaluerer tiltaka sine og resultat og som evnar å lære av denne evalueringspraksisen. Med andre ord ein effektiv, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommuneorganisasjon.

Kriteria i Kommunekompasset består av følgjande 8 fokus-område – nye namn på fokusområda frå 2023:

- 1 . Offentlegheit og demokrati
- 2 . Samfunnsutvikling
- 3 . Styring og kontroll
- 4 . Effektivitet
- 5 . Brukarfokus
- 6 . Kvalitetsutvikling
- 7 . Arbeidsliv
- 8 . Leiarskap og medarbeidarskap

Kommunestyre vedtok etter Kommunekompassevalueringa i 2016 å etablere ein utviklingsstrategi for kommune-organisasjonen. Dette med føremål å oppdatere og utvikle den kommunale organisasjonen i Vanylven kommune. Etter ny Kommunekompassevaluering i 2018 såg vi tydeleg at slikt målrettaarbeid gav effekt. Ein strategi for vidare utvikling vart difor utarbeida, mellom anna gjennom mellomleiersamlingar med Kommunekompasset som hovudfokus. Det var då utarbeida ein ny utviklingsstrategi også etter Kommunekompassevalueringa i 2018.

Utviklingsstrategien skal kunne fungere som eit bindeledd mellom kommunestyret og aktiviteten ute i verksemdene. Føremålet med strategien er å synleggjere kva for ei retning kommunen som organisasjon skal utvikle seg dei neste åra.

Utviklingsstrategien tek utgangspunkt i behovet til Vanylven kommune har for eit heilskapleg og koordinert utviklingsløp for den kommunale organisasjonen. Bakgrunnen for valde utviklingsstrategi er erkjenning av at politisk og administrativ leiing har behov for eit system for å kunne setje mål og definere rammer. Dessutan gjere det tydeleg for interne og eksterne kva som er målet til kommunen og strategiar for organisasjons-utviklingsarbeidet. Utviklingsstrategi, med tilhøyrande delstrategiar, skal sikre målfokus og gjennomføringskraft. Det siste kapittelet i dokumentet er ein handlingsplan som skal rullerast. Likevel ligg sjølve utviklingsstrategien fast som utgangspunkt for handlingsplanen.

Føremålet med dokumentet er altså tredelt:

1. Synleggjere mål og prioriteringar for organisasjonen
- 2 . Vere retningsgjevande for kommunen sine tilsette
3. Danne grunnlag for ei jamleg vurdering av oppnådde mål og resultat.

Visjon for kommuneplanen

«Vanylven skal vere blant Norges fremste miljøkommunar i vidaste forstand, med fokus på trivsel, vekst og berekraftig utvikling.

Vi skal legge til rette for nytenking og innovasjon i næringslivet, eit bumiljø som skaper trivsel og samhald, kompakte og trygge tettstader, infrastruktur for eit aktivt kulturliv og friluftsliv, og eit tilfredsstillande og effektivt tenestetilbod”

1

MÅL, SUKSESSFAKTORAR, STRATEGI

Langsiktige mål

Vanylven kommune skal utvikle og levere tenester i samspel med innbyggjarane ut frå tilgjengelege ressursar.

Vanylven kommune skal vidareutvikle ein fleksibel og endringsdyktig organisasjon gjennom motiverte, kreative og myndiggjorte medarbeidarar.

Vanylven kommune skal sikre ein langsiktig og berekraftig kommuneøkonomi som gjev handlingsrom for gode tenester, framtidsretta investeringar og stabil utvikling.

Suksessfaktorar

Kvaliteten på og innhaldet i dei kommunale tenestene skal ytterlegare utviklast gjennom dialog med brukarane, og med god utnytting av dei totale ressursane til kommune, herunder frivillige lag og organisasjonar og nabokommunar.

Kommunen skal ha ein leiarkultur som inspirerer til å skape eit lærande miljø som sikrar medarbeidarane fagleg og personleg utvikling.

Gjennom medverknad, dialog, utstrekt delegering og ansvarleggjering skal kommunen skape eit arbeidsmiljø og ein organisasjonskultur som motiverer og engasjerer leiarane og medarbeidarane.

Infrastrukturen (til dømes økonomiforvalting, IKT-utvikling, kommunikasjon) skal vere optimal innanfor dei tilgjengelege rammene, slik at omstillingsarbeid og tenesteutvikling kan gjennomførast på ein effektiv og god måte.

Overordna utviklingsstrategi

Utviklingsstrategien for Vanylven kommune byggjer på ein overordna tenking for myndiggjering, resultatleing, mål og resultatstyring, og dessutan kvalitetsforbetring gjennom opne og inkluderande prosessar.

Sentralt i strategien står ei effektiv forvalting av midlane til fellesskapet, med bakgrunn i politisk vedtekne mål og rammar og med eit klart og tydeleg fokus på brukarane og innbyggjarane i Vanylven kommune.

Strategien er viktig for å sikre utvikling av dei ulike fokusområda over tid og vil vere grunnleggande i høve kva organisasjonen må prioritere. Dersom kommunestyret og kommuneorganisasjonen klarer å fokusere på dei prioriterte oppgåvene som strategien gir føringar for, så sikrar vi også ein organisasjon som kan utvikle seg til å bli.

STATUS KOMMUNEKOMPASSET 2014-2024

2.1 Kommunekompasset – tiltaka i 2014

I 2014 så utarbeida vi ikkje ein eigen utviklingsstrategi, men vi tok tak i enkeltpunkt i evalueringa for å forbetre oss. Følgjande tiltak var gjennomført 2014-2016

Område 1	Offentlegheit og demokrati Kommunikasjonsstrategi Innbyggjarundersøking
Område 2	Tilgjengelegheit, innbyggjar- og brukarorientering Brukarundersøkingar
Område 3	Politisk styring og kontroll Målstyring
Område 4	Leiarskap, ansvar og delegasjon Framføring av meir- og mindreforbruk
Område 5	Resultatfokus og effektivitet Målstyring
Område 6	Kommunen som arbeidsgjevar Medarbeidarundersøking
Område 7	Utviklingsstrategi og lærande organisasjon Kommunekompasset
Område 8	Kommunen som samfunnsutviklar Næringslivsundersøking

2.2 Kommunekompasset – tiltaka i 2016

Etter Kommunekompassevalueringa i 2016 vart følgjande tiltak sett opp på handlingsplanen til Utviklingsstrategien for 2016 – 2018:

Område 1	Offentlegheit og demokrati Innbyggjarundersøking Kommuneavis Kommunestyret på nett Internkontrollsystem Ekstern kanal for varslings
Område 2	Tilgjengelegheit, innbyggjar- og brukarorientering Brukarundersøkingar
Område 3	Politisk styring og kontroll Målstyring Gjennomgåande mål Arenaer med dialog politikk/adm. Folkevaldundersøking Eigarskapsstrategi
Område 4	Leiarskap, ansvar og delegasjon Framføring av meir- og mindreforbruk Prosjektoversikt i Bedrestyring Utvikle og rekruttere leiartalent
Område 5	Resultatfokus og effektivitet Målstyring Prosessoptimalisering (Lean) System for innsyn (ekstern)
Område 6	Kommunen som arbeidsgjevar Medarbeidarundersøking Medarbeidarskap Lønspolitisk handlingsplan Revitalisering av arbeidsgivarstrategien Personalfest
Område 7	Utviklingsstrategi og lærande organisasjon Kommunekompasset IKT-strategi
Område 8	Kommunen som samfunnsutviklar Næringslivsundersøking Bustadsosial handlingsplan Samarbeid med dei frivillige

2.3 Kommunekompasset – tiltaka i 2018

Det var også utarbeidd ein utviklingsstrategi etter Kommunekompass-evalueringa i 2018, der det var angitt følgjande tiltak for perioden 2019- 2022:

Område 1	Offentlegheit og demokrati Innbyggjarundersøking Kommuneavis Kommunestyret på nett Internkontrollsystem Kortversjon av sakslistene Ekstern kanal for varsling
Område 2	Tilgjengelegheit, innbyggjar- og brukarorientering Brukarundersøkingar Serviceerklæringar
Område 3	Politisk styring og kontroll Målstyring Gjennomgåande mål Arenaer med dialog politikk/adm. Folkevaldundersøking Eigarskapsstrategi
Område 4	Leiarskap, ansvar og delegasjon Framføring av meir- og mindreforbruk Prosjektoversikt i Bedrestyring Utvikle og rekruttere leiartalent Kompetansekartlegging
Område 5	Resultatfokus og effektivitet Målstyring Prosessoptimalisering (Lean) System for innsyn (ekstern)
Område 6	Kommunen som arbeidsgjevar Medarbeidarundersøking Medarbeidarskap Lønspolitisk handlingsplan Revitalisering av arbeidsgivarstrategien Personalfest
Område 7	Utviklingsstrategi og lærande organisasjon Kommunekompasset IKT-strategi
Område 8	Kommunen som samfunnsutviklar Næringslivsundersøking Bustadsosial handlingsplan

2.4 Kommunekompasset – tiltaka i 2023

Det var også utarbeidd ein utviklingsstrategi etter Kommunekompass-evalueringa i 2023, der det var angitt følgjande tiltak for perioden 2024-2026:

Område 1 Demokrati og samfunnsutvikling

Rullere plan for lokaldemokrati (2025)
Innbyggjarundersøking (2024)
Folkevaldundersøking (2022)
Etablere brukarpanel og politisk kafé (2025)
Kommuneavvis (2025)
Videopresentasjon før politiske møte (2024)
Kommunestyret og formannskap på nett (2023)

Område 2 Samfunnsutvikling

Økonomiplan som handlingsdel til kommuneplan (2025)
Strategi for folkehelse – fokus på utanforskap (2024)
Strategi for likeverd og likestilling (2026)
Rullering klimaplanen (2025)
Rullering frivilligplan (2025)
Klimafokus – miljøfyrtårn. og klimabudsjett (2025)

Område 3 Styring og kontroll

Verksemdsplanar for alle sektorar (2024)
Målstyring – i tillegg til økonomi og sjukefråvær (2025)
Arenaer med dialog politikk/adm (2024)
Innfasing av kommunedirektørens internkontroll (2024)

Område 4 Effektivitet

Effektivitetsarbeid på tvers i kommunen (2024)
Demografidreven budsjettering (2026)
Porteføljestyling av program, plan og prosjekt (2023)
«Kostnad per brukar» og samanlikna med andre (2024)
Inngå forplikande samarbeid med frivillige (2026)

Område 5 Brukarens fokus

Rullering av strategi for brukarfokus og service (2026)
Tenesteskildring – oppdatere informasjon (2024)
Etablere brukarråd og dialogmøte (2025)
Servicekurs til tilsette i alle sektorar (2025)
Etablere servicepris (2025)

Område 6 Kvalitetsutvikling

Strategi for kvalitetsutvikling – på tvers (2025)

Samordne kvalitetsutvikling i KLT (2025)

Årlege risikovurderinga av tenestene (2024)

Innovasjonspris (2025)

Område 7 Arbeidsliv

Kompetansekartlegging (2024)

Rutine for «onboarding» (2025)

Medarbeidarundersøking (2025)

Revitalisere arbeidsgivarstrategien (2026)

Område 8 Leiarskap og medarbeidarskap

Revitaliserer strategi for leiarskap (2025)

Inngå leiaravtale med alle leiarane (2025)

Vurdere månadlege mellomleiarssamlingar (2025)

Strategi for medarbeidarskap (2026)

2.5 Kommunekompasset – tiltaka 2014 - 2026

Dersom vi ser samla på tiltaka for perioden 2014 – 2026, så er det følgjande som er sett i verk og som kommunen fortsett nyttar:

Område 1

Demokrati og samfunnsutvikling

Kommunestyret på nett (2024)

Internkontrollsystem (2025)

Ekstern kanal for varsling (2023)

Årlege bygdelagsmøter (2025)

Arenaer med dialog

politikk/adm. (2026)

Folkevaldundersøking/lokalde

mokrati-undersøking (2025)

Område 2

Samfunnsutvikling

Tenesteskildring (2023)

Samfunnsdelen av kommuneplan (2025)

Område 3

Styring og kontroll

Målstyring – økonomi/sjukefråvær (2014)

Styring og leiing (2025)

Gjennomgåande mål – finanstala (2022)

Eigarskapsstrategi (2025)

Delegasjonsreglement (2026)

Område 4

Effektivitet

Framføring - meir- og mindreforbruk (2017) Prosjektoversikt

(porteføljestyling) (2024)

Målstyring (2017)

Område 5

Brukaren fokus

System for innsyn (ekstern) (2023)

Kommunebarometeret (årleg rapport)

Innbyggjarundersøking (2024)

Område 6

Kvalitetsutvikling

~~Personalfest/Motivasjonsdag- (2024)~~

Retningslinjer for internkontroll (2025)

Kommunekompasset (2026)

Digitaliseringsstrategi (2025)

Område 7

Arbeidsliv

Medarbeidarundersøking (2025)

Kompetansekartlegging (2025)

Lønspolitisk handlingsplan (2025)

Arbeidsgivarstrategien (2023)

Område 8 Leiarskap og medarbeiderskap

Månadlege mellomleiarssamlingar

Månadlege samhandlingsmøte med tillitsvalde

2.5 Vurdering og evaluering av tiltaka som har vore prøvde

Kommunedirektøren vurderer at Kommunekompasset er eit godt evalueringsverktøy for å sjå på om organisasjonen klarer å gjennomføre sine arbeidsoppgåver innanfor sine fire hovudoppgåver:

- Kommunen som politisk-demokratisk arena
- Kommunen som ansvarleg for tenesteproduksjon overfor innbyggjarane
- Kommunen som myndigheitsutøvande organ i samsvar til lover og forskrifter
- Kommunen som samfunnsutviklar

Kommunen har sin kommuneplan med samfunnsdel og arealdel å styre etter, men denne planen har som regel ingen føringar om kva metode som skal nyttast. Det er her Kommunekompasset blir nytta – det å vurdere om kommunen arbeidar systematisk og planmessig for å nå sine fastsette mål.


Dersom vi ser på tiltak som kommunedirektøren vurderer som viktig å vidareføre, så er dette følgjande tiltak:

Utviklinga på alle åtte fokusområda har sidan første evaluering i 2014 til 2026 vore svært god. Utviklinga har vore imponerende god på område 1 *Offentlegheit og demokrati*, område 3 *Styring og kontroll*, område 4 *Effektivitet*, område 5 *Brukerens fokus* og område 7

- Folkevald-, innbyggjar-, brukar-, og medarbeidarundersøkingar
- Informasjon om politiske møte og innhald i desse – både video og kortversjon
- Målstyring og framføring av meir- og mindreforbruk
- Prosjektstyringsprogrammet og porteføljestyling
- Internkontrollarbeid med tenesteskildringar, samt risikovurdering av tenestene
- Samlingar og dialogmøte med politikarar, tilsette og innbyggjarane
- Planarbeidet – både i høve tenestene for innbyggjarane og i høve våre tilsette.

I tillegg så vurderer kommunedirektøren at følgjande punkt kunne vere aktuelt å starte med:

- Sanntidsrapportering av styringsdata og økonomi, tal frå fagsystem og klima.
- Dialogkonferanse om samhandling, forventningar og verkelegheitsforståing
- Bygdelagsmøter tilsvarande dialogkonferanse
- Rammekonferanse på drift og investering.
- Kommuneavis med informasjon om resultat og anna aktuelt frå kommunen
- Kompetansekartlegging og det å utvikle og rekruttere leiartalent
- Prosessoptimalisering
- Medarbeiderskap



Arbeidsliv, og på øvrige område har utviklinga vore god.

DELSTRATEGIAR

I følgje kommunekompassevalueringa er det framleis enkelte områder på alle fokusområda som det bør vere rom for eit utviklingsarbeid. Dette gjeld særleg område 2 Samfunnsutvikling, 4 Effektivitet, 5 Brukarens fokus og område 6 Kvalitetsutvikling av tenestene.

På bakgrunn av Kommunekompassevalueringa, skal Vanylven kommune utvikle den kommunale organisasjonen – ved spesielt å fokusere på følgjande fokusområde:

5. Brukarens fokus

7. Arbeidsliv

3.1

Brukarens fokus

Resultatet for dette fokusområdet har blitt noko betre sidan førre evaluering i 2023, med ein svak auke frå 61 poeng i 2023 til 63 poeng i 2026. Dette er det området som har nest lågast resultat i Kommunekompasset. Følgjande område er «gult» og her er det naudsynt å implementere tiltak for å forbetre kommunen på desse delområda:

- Har ein dedikert strategi for brukarorientering og service, men denne må løftast høgare på agendaen
- Har utarbeida tenesteskildringar, men desse må brukast meir aktivt og løftast opp på dagsorden
- Enkelte gode initiativ og rutinar for å innhente brukernes synspunkter gjennom brukarråd/dialogmøter – men fortsatt eit potensial for utvikling
- Gjennomføre fleire brukarundersøkingar og følgje dei meir systematisk opp
- Gode på bruk av video som verktøy for å fortelle om kommunens servicetilbod og for å lære opp brukarane, men bruken av dette bør aukast.

Vidare så er det «raudt» på følgjande område innan fokusområde «Brukarens fokus», og kommunen må implementere tiltak for følgjande:

- Har ikkje noko system for å trene og utdanne medarbeidarane for å utvikle det gode brukermøtet og god service
- Ingen samarbeid med andre eksterne aktører for å settje fokus på og for å lære opp tilsette i servicekultur og brukarorientering
- Ingen verktøy eller metodikk for å gje merksemd til

arbeidsgrupper/eller personar som utmerkar seg positivt med god service og gode brukaropplevingar.

3.2

Arbeidsliv

Resultatet for dette fokusområdet har gått ned sidan førre evaluering i 2023, frå 68 poeng i 2023 til 60 poeng i 2026. Det er dette området som har lågast poengscore i kommunekompassevalueringa i Vanylven. Følgjande område er «gult» og her er det naudsynt å implementere tiltak for å forbetre kommunen på desse delområda:

- Har ein heilskapleg arbeidsgjevarstrategi, men denne må forankrast i organisasjonen.
- Jobbar heilskapleg og systematisk for å sikre kvaliteten i rekrutteringsprosessene, men det må gjennomførast meir systematisk opplæring og oppfølging for å sikre at denne blir fulgt.
- Har ikkje felles verktøy for strategisk kompetansekartlegging på kommunenivå, men har allikevel relativt god oversikt
- Jobbe meir systematisk med strategisk kompetanseutvikling for å møte framtida sitt behov.
- Har kompetanseplan med tilhøyrande tiltaksdel, men det må settast av meir midlar til å følgje denne opp.
- Jobbe meir systematisk med å profilere kommunen som ein attraktiv arbeidsgjevar
- Jobbe meir systematisk for å auke mangfaldet i organisasjonen.

Vidare så er det «raudt» på følgjande område innan fokusområde «Brukarens fokus», og kommunen må implementere tiltak for følgjande:

- Har ikkje gode prosedyrer og rutinar for onboarding og offboarding
- Jobber ikke systematisk med å oppnå likeverd og likestilling på arbeidsplassen

3.3

TILTAK PÅ ALLE OMRÅDA - OPPSUMMERT

Det er viktig at kommunen også fokuserer på dei andre fem områda. Kommunedirektøren ynskjer difor at kommunen i tillegg at vi gjennomfører/vidarefører følgjande tiltak innanfor fokusområda, samt følgjande nye tiltak:

Område 1

Demokrati og samfunnsutvikling

Rullere plan for lokaldemokrati (2026)

Innbyggjarundersøking (2026)

Folkevaldundersøking (2025)

Etablere brukarpanel og politiskar kafé (2027)

Kommuneavvis/sosiale media (2027)

Videopresentasjon før politiske møte (2026)

Kommunestyret og formannskap på nett (2026)

Årlege bygdelagsbesøk til alle bygdelag i kommunen (2026)

Område 2

Samfunnsutvikling

Økonomiplan som handlingsdel til kommuneplan (2025)

Strategi for folkehelse – fokus på utanforskap (2027)

Strategi for likeverd og likestilling (NY 2027)

Rullering klimaplanen (2027)

Rullering frivilligplan (2027)

Klimafokus – miljøfyrtårn, klimabudsjett og klimarapportering i sanntid (2026)

Område 3

Styring og kontroll

Verksemdsplanar for alle sektorar (2027)

Målstyring – i tillegg til økonomi og sjukefråvær (Sanntidsrapport Power BI)(2026)

Arenaer med dialog politikk/adm. (2026)

Innfasing av kommunedirektørens internkontroll (2026)

Område 4

Effektivitet

Effektivitetsarbeid på tvers i kommunen (2027)

Demografidreven budsjettering (2026)

Deltaking i KS sitt nettverk for berekraftig kommuneøkonomi 2025-2026.

Porteføljestyling av program, plan og prosjekt (2026)

«Kostnad per brukar» og samanlikna med andre (2027) Inngå forpliktande samarbeid med frivillige (2027)

Område 5 Brukarens

fokus

Rullering av strategi for brukarfokus og service (2026)

Tenesteskildring – Revisjon, oppdatere informasjon (2026)

Etablere digitalt/ AI brukarråd og dialogmøte (2027)

Digitalt servicekurs til tilsette i alle sektorar (2027)

Område 6

Kvalitetsutvikling

Strategi for kvalitetsutvikling – på tvers (NY 2027)

Samordne kvalitetsutvikling (2027)

Årlege risikovurderinga av tenestene (2026)

Innovasjonspris (NY 2027)

Område 7

Arbeidsliv

Kompetansekartlegging (2026)
Rutine for «onboarding»
Motivatiutsending sentralt
(2026)
Rutine for «offboarding»
Motivati utsending sentralt
(2026)
Medarbeidarundersøking MTM
(2027)
Revitalisere arbeidsgivarstrategien (2026)
Utvikle kompetanseplan med tilhøyrande tiltaksdel
(2026)

Område 8

Leiarskap og medarbeidarskap

Revitaliserer strategi for leiarskap
(2026)
Inngå leiaravtale med alle leiarane
(2027)
Vidareføre månadlege mellomleiarsamlingar
(2026)
Strategi for medarbeidarskap (2027)

For å få effekt av dei tiltaka som er i gong sett, eller planlagt sett i gong, er det naudsynt med kontinuitet i arbeidet slik at heile organisasjonen går i takt.

Viktige stikkord for arbeidet:

- vidareutvikle heilskapleg økonomisk styringsverktøy
- utvikle styringsdata og forbetningsområde i alle sektorar
- konkrete handlingsplanar for implementering av nye løysningar for meir effektiv drift
- målstyring
- organisasjonskultur
- leiing og informasjonssystem må fungere saman som heilskap
- interne og eksterne undersøkingar

Arbeidet knytt opp mot den pågåande arbeidet med overordna styring.

3.4

ØVRIGE PROSESSAR

Parallelt med utviklingsstrategien vil arbeidet med omstilling av organisasjonen halde fram. Dette handlar i hovudtrekk om å tilpasse drifta til de økonomiske rammevilkåra.

Kommunen har vore gjennom ein omstillingsprosess i 2025 og har starta opp omstillingprosess del 2 i 2026.

I tillegg må vi fokusere på målstyring og dette innanfor fleire dimensjonar:

Resultatleing

Flytte fokus frå tiltak til resultat – kva verkar og kvifor?

Sette mål og styre på fleire dimensjonar enn berre økonomi

- tenestekvalitet
- organisasjonskvalitet
- samfunnskvalitet
- økonomi

Dialogbasert styring

Ei styringsform som har ein systematisk styringsdialog med alle interessentar for å sikre felles pliktar og energi for retning og mål.